



Alver kommune Plan og bygg  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: Larissa Dahl  
Vår: 22/2138 - 22/36510

Saksbehandlar:  
Marie Victoria Rekdal Skogrand  
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:  
11.05.2022

## Tilleggsuttale til søknad om driftsbygning - GBNR 171/5 Seim

Vestland fylkeskommune har i sin uttale konkludert med at ein kan godta omsøkt tilbygg på vilkår om at ein etablerer inngang i sør, med grunngeving at dette vil gje mindre køyring og tråkk på postvegen. Det vert og etterspurt vurdering av ulike alternative løysingar i eksisterande bygningsmasse, vurdert i forhold til dagens drift og faktisk bruk av løa og tilbygget mot vest.

For at eit husdyrrom skal fungere er det heilt avgjerande med god logistikk rundt føring, gjødselhandtering og flytting av dyr. Når dyra skal ha fri tilgang til beite gjer dette enda eit moment som må takast omsyn til. Plassering av bygget og dører/ portar må planleggast i samanheng med terrenget, driftsopplegg og kva mekanisering som skal nyttast.

### Mekanisering

For å vurdere korleis det omsøkte tilbygget vil verke på graden av køyring og dyretråkk på postvegen må ein ta høgde for korleis handteringa av grovfôr, gjødsel og dyr er planlagt.

Mekaniseringa på garden er basert på traktor. Dette er enkle, driftsikre løysingar som høver godt på små vestlandsgardar. Det omsøkte tilbygget er ei utviding av eit eksisterande tilbygg, og driftsform/ mekanisering vert den same som i dag. Det eksisterande tilbygget vert delvis brukt som føringsplass i dag, men i kombinasjon med føring ute, fordi det er for lite plass i tilbygget. Tilbygget er planlagt med ei delvis open langsida mot aust. Her skal vere skyvedører som kan stengast for å gje livd for dyra, men opnast i forbindelse med føring og gjødselhandtering.

**Grovfôrhandtering:** Rundballar vert køyrt ut til dyra kvar 3.-4. dag. Ein løfter opp ein rundball med egne reiskap på lesseapparatet på traktoren, køyrer beint inn mot opninga i vegg mot aust og løfter rundballen inn i bygget mens traktoren framleis står utanfor bygget. For å klare denne operasjonen må ein ha god plass framom bygget. Det er i dag etablert ein 7 meter brei grusplass aust for tilbygget, i tunet på garden. Dette gjev tilstrekkeleg plass, men heller ikkje meir enn det lyt vera. Med det nye, utvida tilbygget kan føringsplassen framleis plasserast nord i tilbygget, på same stad som i dag. All køyring med grovfôr vil då skje på plassen som allereie er grusa opp og som er ein




*Pilene viser korleis ein må køyre for å frakte rundballar inn i tilbygget. Ein må først køyre fram, så rygga bak og så køyre fram igjen, for å komme inn 90 grader på austveggen.*

naturleg del av tunet på garden. Grovfôrtransporten vil følgeleg ikkje påverka den delen av postvegen som har grasvegetasjon i dag. Grovfôrhandteringa er utan tvil den operasjonen som har mest å seia når det gjeld køyring på postvegen, sidan dette skjer kvar 3.-4. dag heile vintersesongen.

**Gjødselhandtering:** Tilbygget har talle-golv, det vil seie at gjødsel og strø (halm eller flis) byggjer seg opp på golvet gjennom året, og det går føre seg ei kompostering av organisk materiale i talla. Ein gong i året vert talla skrapa opp og køyrt ut på marka ved hjelp av traktor med skuffe. Ved dette arbeidet er det ein stor fordel at ein kan opne opp og ha tilgang til heile langsida av bygget. Då kan ein nå inn med skuffa for å fjerne talla utan å måtte køyre heile traktoren inn i bygget. Fjerning av talle er noko som berre skjer ein gong i året, og dette vil såleis ha mindre å seie med tanke på køyring på postvegen.

Under talla bør ein ha god drenering, for eksempel med eit lag grus eller stein. Dagens tilbygg mot aust er bygd oppå ein gammal silo som er fylt med stein. Dette gjer god drenering. Siloane er i utgangspunktet utforma med drenering for silopressaft, denne kjem no til nytte som drenering for talla. Det nye planlagde tilbygget skal byggast oppå ein tilsvarande gammal silo, så det same vil gjelde for denne. Dette er ein god og enkel måte å utnytte eksisterande bygningsmasse.

**Transport av dyr:** Dyra går i dag ut og inn mellom tilbygget og beitet gjennom ei opning heilt sør på austveggen. Dette kan gje noko dyretråkk på den graslagde delen av postvegen. Den belastninga dette gjev på marka er likevel minimal samanlikna med dyretråkk, møkk og fôrrestar som ein vil få med ein utandørs fôringsplass.



Oversikt over dagens transport av grovfôr, gjødsel og dyr

## Vurdering av ulike alternative løysingar

### 1) Bruk av eksisterande bygningsmasse og opning mot sør.

Den viktigaste grunnen til at bruk av eksisterande bygningsmasse og opning mot sør ikkje vert vurdert som aktuelt er problem med tilkomsten for traktor. På kartet ser det ut som det er ei avkøyrsla frå sørsida av driftsbygningen inn på kommunal veg (Seimsleitet), men denne vert ikkje nytta grunna dårleg sikt (Sjå bilete). Søkar oppgjev at denne avkøyrsla ikkje har vore i

bruk i hans tid, og han vil ikkje nytta denne avkøyrsla av omsyn til tryggleik. Dermed må ein køyre inn frå aust frå tunet/ postvegen, svinga seg ned ein bratt skråning og til slutt gjere ein krapp sving for å komme til opninga. Dette vil vere upraktisk i dagleg drift og det vil gje langt meir køyring på postvegen enn den omsøkte løysinga. Ein vil og få meir køyreskadar på veg/ jord når ein må køyre i skråning og sving, samanlikna med køyring på flat, grusa plass i tunet.



*Dårleg sikt i avkøyrsla mot vest.*




*Tilkomst frå aust, via postvegen og ned skråning*

Driftsopplegget med at sauene skal kunne gå fritt ut og inn mellom husdyrrommet og beite gjer at eit slikt husdyrrom må vere på bakkeplan og i retning mot beitet, dette avgrensar kva alternative løysingar som er mogleg å sjå for seg.

#### **A) Bruk av eksisterande bygningsmasse i løa:**

Ein moglegheit som har vore vurdert er å nytte rommet på bakkeplan midt i den gamle løa. Dette har tidlegare vore lagerplass for høy. I dag er her støypt betonggol, og rommet vert brukt til oppbevaring av landbruksreiskap. Den viktigaste grunnen til at dette vert vurdert som lite aktuelt er problemet med tilkomsten som er skildra over. I tillegg ville det ha vore ein omfattande jobb å få gjort dette om til husdyrrom. Om ein skal få til ei god talle-løysing her måtte ein ha gjort eit arbeid med dreneringa. Ein kunne ha fjerna betonggolvet og lagt inn eit drenerande lag med sand eller grus. Alternativt måtte ein ha satsa på ei løysing med halv gjødselkjellar og spaltegolv/ rister, men dette er ei langt dyrare løysing enn talle.




*Alternativ 1 A, bruk av eksisterande bygningsmasse og tilkomst frå aust. Pil viser transport av grovfôr og gjødsel*

#### **B) Ombygging av eldre gjødsel-lager:** Ei anna

løysing ein kunne ha tenkt seg er å innreia det gamle gjødsel-lageret som ligg som eit lite tilbygg mot vest. I dag er dette berre ein enkel gråsteinsbygning med tak av bølgeblekk og støypt golv. Dette vil gje dei same utfordringane som alternativ A) med drenering og tilkomst for traktor. I tillegg er det for lavt under taket til å få til eit godt husdyrrom. Det er ikkje mogleg




å komma til med traktor på langsida for å fjerne gjødsel i ei talle-løysing, fordi bygget ligg kloss i vegen. Dette er følgeleg ikkje eit reelt alternativ.



Alternativ 1B. Bruk av gammalt gjødsel-lager og tilkomst frå aust. Piler syner transport av grovfôr og gjødsel.

### 2) Tilbygg som omsøkt, men med opning mot sør for grovfôr, gjødsel og dyr

Dette inneber at det vil vere ei skråning ned like framom opninga til tilbygget. Viss ein skal køyra inn her med rundball inneber det ei vekt på rundt 1 tonn på frontlastaren. Då er det ikkje trygt å køyre «på skakke», og ein måtte derfor ha gjort endringar i terrenget for å få ein flat plass foran opninga. Terrengendring er ikkje aktuelt med tanke på kulturminna. Terrenget gjer og at det kun vil vere plass til ei opning på om lag 2,5-3 meter (utan større terrenginngrep). Det kan bli problematisk å få til ei opning som er brei nok til å køyra inn med traktor for å få ut talla. Dette vil vere ei meningslaust dyr og dårleg løysing som i tillegg gjev meir køyring på postvegen enn den omsøkte løysinga.




Alternativ 2) Tilbygg som omsøkt, men med opning mot sør for grovfôr, gjødsel og dyr. Piler syner transport av grovfôr og gjødsel

### 3) Eksisterande tilbygg mot aust nytta i samanheng med eit nytt rom midt i bygget:

Golvet i hovudbygget er 2 meter under golvnivået i det eksisterande tilbygget mot aust. Om ein skulle ha nytta dette rommet i samanheng med det eksisterande tilbygget måtte ein ha støypt gjødselkjellar og bygd ein heilt ny etasje på nivå med tilbygget, med spaltegolv eller


plastrister. Dette vert særst omfattande og kostbart, og er ikkje realistisk sett i forhold til omfanget av drifta. Rommet vert totalt langt større enn det ein har behov for. Eit slikt rom kunne vore høveleg til tradisjonell sauedrift der dyra er inne heile året, og ein besetning på om lag 150 vinterföra søyer. Dette høver ikkje til ressursgrunnlaget på garden og er heller ikkje noko søkaren er interessert i. Drifta med sau på utegang gjev marginale inntekter, og heile produksjonen er tufta på at ein må ha små investeringar og lave kostnader. Ein kan ikkje sette i gang med full ombygging av eit stort fjøs når behovet kun er eit enkelt rom som skal brukast til føring og medisinerings av 35 vinterföra sau på utegang.



Alternativ 3) Eksisterande tilbygg i aust nytta i samanheng med rom mot vest

#### 4) Omsøkt løysing

Ved den omsøkte løysinga kan ein nytta etablert grusplass i tunet for innkøyring av grovfôr. Når talla skal køyrast ut kan ein opne opp heile langveggen for enkel tilkomst. Det kan gjerne etablerast ei dør i sørsida av tilbygget som vert nytta av dyra til og frå beite. Dette kan gje noko redusert dyretråkk på den graslagde delen av postvegen. Med ei slik løysing unngår ein kryssande trafikk av grovfôrtransport og dyr, køyring vil i all hovudsak gå føre seg på den etablerte grusplassen og dyretråkk vil ikkje verte konsentrert på postvegen.



*Alternativ 4) omsøkt løysing med beitedør mot sør.*

Dette blir eit enkelt tilbygg som kan forsvarast innanfor dei økonomiske rammene av ein liten saueproduksjon. Eit enkelt bygg med ei open langsida vil gje mykje lys og luft, og forholda ligg til rette for gode arbeidsvilkår og god dyrevelferd. Dette vil vere ei enorm forbetring i forhold til dagens opplegg med utandørs føring. Tilbygget ser ut til å kunne gje ei driftsmessig god løysing, samtidig som verknaden på kulturminna i området er minimal. Etter landbruksavdelinga si vurdering er denne løysinga klart å føretrekkja.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og bygg

Postboks 4

5906

FREKHAUG